



Julekonsert i Uskedal kyrkje på søndag.

**Førstkommande søndag kl.19.00 er det klart for den tradisjonrike julekonserten i Uskedal kyrkje. Då vert det lagt opp til eit innhaldsrikt og godt juleprogram med stram og god regi. Dei faste aktørane er sjølvstøtt med, og i tillegg kan vi stifta bekjentskap med nokre nye krefter. Dessutan er songaren Svein Bergseth gjest.**

Først ut i programmet vert Uskedal skulemusikk som stadig tar nye musikalske steg under Tor Skeie Olsen si leiing. I deira program på 3 nummer vert det også presentert fleire unge solistar. I tillegg til skulemusikken er også andre faste aktørar som Kvinnherad trekkspelklubb, koret Røysterett for alle og Uskedal musikklag med i programmet.

Gjesten dette året kjem frå Utåker. Det er songaren Svein Bergseth. Han vil syngja to svært så kjære julesongar under konserten, og han vert akkompagnert på piano av kantoren vår, Eva Megyesi. Dugande Eva vil også glede oss med solonummer. I tillegg vil ho også akkompagnera sokneprest Lina Håland, som skal bidra med vakker song. Dessutan skal Lina bera fram adventshelsing.

Nokre nye aktørar vert presentert også i år. Ungguten Sondre Klyve frå Halsane, som er elev i kulturskolen, har vist seg som eit stort gitartalent. Han har med seg gitaren sin, og han spelar to stemningsfulle julenummer for oss. Ein annan spennande nyskaping er vokalgruppa GLIMRAH som vi verkeleg ser fram til å høyra. Her får vi garantert songnummer av svært høg kvalitet.

Allsongen er viktig og høyrer med. Den er med underbyggjer julestemninga og felleskjensla. Og julestemning vert ein heilt sikkert fylt med etter å ha vore på konserten søndag.

Soknerådet har bestemt at ein ikkje sel billettar til julekonserten i år. Derimot vert det mogeleg å gje ei gåve ved utgangen.

Sundag  
13. desember 2015  
kl. 19.00

# Jule- Konserter

*Uskedal skulemusikk \* Uskedal musikklag*

*Sondre Klyve \* Lina Håland*

*Røysterett for alle \* Eva Megyesi*

*Kvinnherad trekkspelklubb*

*Vokalgruppe – 6 kvinner*

*Gjest: Svein Bergseth*

*Inngangsbillett:  
Fri gåve ved utgangen*

**Arr: Uskedal sokneråd**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen

Plakat: Jan Ove Fagerheim